



Kommunikasjon mellom barnehage og heim

Dei kommunale barnehagane i Sykkylven bruker appen «Min Barnehage – foresatt» som kommunikasjonsverktøy mellom barnehage og heim. Visma Min Barnehage-app er ei teneste der du som forelder/føresett enkelt kan kommunisere med din barnehage.

Med Min Barnehage-appen kan du m.a. enkelt:

- Motta og sende meldingar med barnehagen
- Registrere kva dagar barnet ditt ikkje skal vere i barnehagen
- Gi eller avslå samtykker
- Gi barnehagen beskjed om at barnet vert forseinka, tek fri, er sjukt m.m.

Med appens innebygde meldingsfunksjon er det raskt, enkelt og trygt å seie ifrå om spontane endringar. Kort sagt gjer Min Barnehage-appen informasjon lett tilgjengelig og dialogen mellom dykk og barnehagen blir enkel og effektiv.

LAST NED OG LOGG INN:

Min Barnehage - foresatt kan du laste ned frå [App Store](#) eller [Google Play](#). Søk opp «Min Barnehage - foresatt». Appen krev minsteversjon 11 for iOS (Apple) og versjon 7 for Android. For å ta i bruk appen må du gjennom følgjande steg:

1. Klikk «Logg inn med ID-porten»
2. Vel din kommune (Sykkylven)
3. Autentisering med Visma Connect og BankID
4. Godkjenn eller avslå varslingar i app
5. Lag og bekreft ein personleg PIN-kode (kan tillate face-ID dersom mobilen støttar det)

Når du har laga din eigen PIN-kode vil du kome rett inn i appen, og barnets dagbok-logg. Dersom du har fleire enn eitt barn i barnehage, vil barnet først i alfabetisk rekkefølge bli valt.

Appen fungerer slik at ved normal bruk må du logge inn på nytt med ID-Porten kvar 3. mnd. Dersom ein har vore inaktiv i appen dei siste 30 dagane, må ein også logge inn med ID-Porten ved første innlogging etter dette.

Opplæringsvideoar ligg tilgjengeleg på nettlenka <https://www.visma.no/barnehagesystem/min-barnehage/>